

Mål for samarbeidsfylket



Langsiktig utviklingsmål 1:

Møre og Romsdal skal være god på regionbygging og samarbeid

Fylkesplanmål – Møre og Romsdal skal:

- S1** løyse felles samfunnsutfordringar gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar og forvaltningsnivå, academia, frivilligheit, næringsliv og kulturliv
- S2** hente kunnskap, kompetanse og midlar til regional utvikling gjennom samarbeid i internasjonale nettverk og prosjekt
- S3** ha eit levande lokaldemokrati der alle, uansett bakgrunn, kan få ytre seg, påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn
- S4** ha eit felles samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid som førebygger uønskete hendingar, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

Mål for miljøfylket



Langsiktig utviklingsmål 2:

Møre og Romsdal skal være pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane

Fylkesplanmål – Møre og Romsdal skal:

- M1** redusere klimagassutsleppa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030
- M2** ha ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser, og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping og varetaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet
- M3** ta vare på eit mangfald av viktige kulturmiljø, og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi
- M4** fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering

Mål for inkluderings- og kompetansefylket



Langsiktig utviklingsmål 3:

Møre og Romsdal skal være eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu

Fylkesplanmål – Møre og Romsdal skal:

- IK1** ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle
- IK2** ha eit fleksibelt og inkluderande utdannings- og kompetansetilbod som møter arbeidslivet og innbyggjarane sine behov
- IK3** ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, gode bomiljø og offentlege møteplassar, godt kultur- og tenestetilbod og miljøvennleg transport
- IK4** ha eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod og ein sterk frivillig sektor som er relevant og tilgjengeleg for alle

Mål for verdiskapingsfylket



Langsiktig utviklingsmål 4:

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Fylkesplanmål – Møre og Romsdal skal:

- V1** ha eit arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, som lukkast med det grønne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene
- V2** ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft
- V3** ha eit transportsystem både på land, luft og sjø, som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov så langt som råd
- V4** ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling, inkludering og legg lover og avtalar i arbeidslivet til grunn
- V5** ha ei berekraftig økonomiske utvikling av samfunnet

